



Gamle3hus  
Bellgården 1  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2127 - 17/25627

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
07.09.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 135/1 Smedholmen

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 135/1  
Tiltakshavar: Solholmen Invest AS v/ Torleif Stendal  
Ansvarleg søkjar: Gamle3hus

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad.

I søknaden viser de til at følgjande dokumentasjon vert ettersendt så fort den ligg føre:

Kvittering for nabovarsel

- Eventuelle merknader frå naboar
- Godkjenning frå Arbeidstilsynet
- Godkjenning av sløkkevatnkapasitet frå brannvesenet
- Eventuell godkjenning frå Vegvesenet (dei er usikre på om vi treng deira godkjenning og held på med undersøkingar)

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon., som tillegg til den dokumentasjonen de sjølv skriv manglar:

1. Privat rett til å etablere kai på kommunal eigedom, gbrn 133/103.
2. Målsett situasjonsplan for alle tiltaka
3. Teikningar for dei tiltaka det vert søkt om, plan, snitt og fasade.

Det kan leggst ved foto av eksisterande fasade. Dersom det skal gjerast endringar i fasadar som følgje av omsøkte tiltak, må det sendast inn nye fasadeteikningar.

For nye tiltak må det sendast inn målsette teikningar. Det må leggst ved planteikningar av bygningane som skal bruksendrast.

4. Det må leggst ved kart til den private avtalen om parkering som viser tal parkeringsplassar og plassering av desse.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 09.10.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Vi gjer merksam på at det ikkje ligg føre godkjent rørleggarmelding, jf. tilbakemelding gitt i brev datert 05.05.2017 i sak 17/1221.

Før det kan gjevast løyve til igangsetting, må det ligga føre løyve/samtykke frå Arbeidstilsynet, Bergen og Omland havnevesen og evt. Statens Vegvesen.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Det er ikkje sendt inn nabovarsel, gjenpart eller kvittering, så søknaden kan ikkje reknast for komplett.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Gamle3hus	Bellgården 1	5003	BERGEN
-----------	--------------	------	--------

#### **Mottakarar:**

Gamle3hus	Bellgården 1	5003	BERGEN
Solholmen Invest AS v/ Torleif Stendal	Blombakken 1	5911	ALVERSUND